

## Møte i fylkesbiblioteksjefskollegiet

Tidspunkt: tysdag 3. desember 2024 klokka 12 – 14

Sted: Teams

Til stede: Hildegunn Hestnes (Trøndelag), Karianne Albrigtsen Aam for Heidi Hovemoen (Akershus, Buskerud og Østfold), Tone Nyseter (Innlandet), Sunniva Knutsen (Finnmark), Torgeir Brun for Mona Iren Auganæs (Møre og Romsdal), Nina Stenbro (Agder), Anita Munch Kulset (Nordland), Britt Ellingsdalen (Rogaland), Elin Golten (Vestland), Maria Guribye (Telemark), Silje Eggum (Vestfold), Trine Lise Mellem for Mona Magnussen (Troms)

Forfall: Merete Lie (Oslo)

Møteinnkalling og møteleiing: Tone Nyseter (Innlandet)

Referent: Elin Golten (Vestland)

	<b>Sak</b>	<b>Kommentar</b>	<b>Innmeldt av</b>	<b>Oppfølging / referat</b>
1	Samarbeid og drøftingar av felles utfordringar. Storbybiblioteka inviterast inn.	45 min.	AU Utsett frå årsmøtet 18.10.24	Storbybiblioteka var inviterte ved Merete Lie. Jannicke Røgler (Trondheim) og Thina Hagen (Stavanger) deltok.  Bjørn Kjetil Fredriksen (Rogaland) presenterte Nasjonal digital formidlingsplattform med særleg fokus på kostnader for storbybiblioteka. Spørsmål og diskusjon. Anbud våren 2025. Kostnader for fylkeskommune/kommune aktuelt frå 2026.  Trygve Kikut (Vestfold) presenterte kort status for Bibliotek24. Oppsummert: -2024 - rekord i tal selde abonnement (det har vore auke alle tre år) -Fråvær av fylkestøtte (som er ønska utvikling) fører til mindre likt innhald -Bibliotek24 er å sjå som fullfinansiert

				<p>-Styre i KS Digital har sagt ja (så lenge juristane ikkje finn noko rart)</p> <p>-Kvaale advokatfirma ser no på verksemdoverdraging frå Vestfold fylkeskommune</p> <p>Jannicke Røgler presenterte kort Storbyundersøkelsen. Heidi Kristin Olsen frå OsloMet deltek i arbeidsgruppa. Noko endra metode sidan sist, mogleg å nytte for andre og mindre bibliotek. Ønskjer å utvikle app-løysing som kan forenkle innsamlinga av data. Kollegiet vurderer å overføre undersøkinga til mindre bibliotek, og set saka opp att på seinare møte.</p> <p>Aktuelt tema for både storbybibliotek og fylkesbibliotek er revidering av avtaler for e-bøker og e-lydbøker. Kort diskusjon om dette. Dette blir tatt opp att på kollegiemøtet i januar.</p>
2	Fylkesbibliotektreff i Agder, Kristiansand 7.-8. mai 2025. Programkomite?	5 min	Nina	Vil danne komité/arbeidsgruppe som skal planlegge fylkesbibliotektreffet. Nina lager grovbudsjett til neste møte. Alle i kollegiet tek treffet opp i interne møte, og tek innspel med inn i neste kollegiemøte.
	12.50-13.00	Pause		
3	Utviklingsmidlar frå NB. Felles prosjekt for 2025? Felles tiltak knytt til leselyststrategien?	Utsett fra årsmøtet 18.10.24  Vi luftar idear.  20 min.	AU	<p>Svein Arne Tennesand og Jorunn Wold frå NB deltar i AU-møte 14. januar om utlysinga. Informasjon frå NB ved Tennesand om at midlane truleg blir lyst ut i slutten av januar. Midlar til Aktiv formidling vil gå til samarbeid mellom folkebibliotek og barnehage jf. leselyststrategien. Store delar av tippemidlar knytt til biblioteka i 2025 vil gå til digital infrastruktur, truleg ikkje overskytande midlar som blir lyst ut til prosjekt ut over dette.</p> <p>Felles forståing frå fleire at det er den ein-skilde fylkeskommune som skal gjennomføre tiltak som samarbeid mellom folkebibliotek og barnehage, og at midlane blir fordelt etter ein fordelingsnøkkel jf. innbyggjartal.</p> <p>Troms: spørsmål om forprosjekt om livslang lesing kan vidareførast og om deltaking i felles prosjekt utelukkar eigne prosjekt.</p> <p>Agder: tenker å bruke tiltak i Leselyst med dei minste. Idé om felles tiltak mellom fylkeskommunane rundt marknadsføring av lesing. Ev. også felles tiltak</p>

				<p>å få midlar til stipend for å delta på konferansen «Saman om lesekultur» i Trondheim våren 2025.</p> <p>Trøndelag: Ikkje landa satsing enno, men er open for samarbeid, også om informasjon/marknadsføring. Har vurdert å søkje prosjektstøtte frå andre aktørar som eit alternativ til NB.</p> <p>Rogaland: Støtter forslag frå Nina om felles kampanje om lesing. Vil gjerne ha Boklek som felles prosjekt nasjonalt.</p> <p>Finnmark: Støtter forslag om felles kampanje om lesing.</p> <p>Innlandet: Tøyveske-bibliotek populært, kanskje eigna som felles tiltak? Kompetanseheving er veldig relevant og stor interesse for. Boklek blir gjennomført i fleire fylke, kan vere aktuelt tiltak å samarbeide om. Relevant å bruke midlar til å kjøpe inn bøker, ev. også til innhald i tøyveske-biblioteka.</p> <p>Vestland: Ønsker å følgje opp tiltak knytt til Leselyst med dei minste, positiv til felles tiltak om Boklek dersom det kan la seg kombinere med dette.</p> <p>ABØ: Opptatt av andre moglegheiter for tilskot enn NB for å sikre bibliotekutvikling. Kan det vere aktuelt med felles tiltak mellom fylkeskommunane med andre aktørar?</p> <p>Vi avventar utlysing frå NB for å kunne lande eventuelle felles prosjekt.</p>
4	Møteplanar 2025	5 min.	Tone	<p>AU v/Tone har oppdatert for 2025 og sendt ut til alle. Lagar et samla årshjul i tillegg og sender til NB. NB tek kontakt med AU for å melde inn saker til møte. Ønsker å vere med i møtet i januar for å diskutere utlysinga.</p> <p>Endrar fylkesbibliotektreffa (kollegatreff) til kl. 10-11 jf. innspel på årsmøtet.</p>
5	Oppfølging FiF Kunnskapsaktør	5 min		<p>Britt heldt fram som leiar av styringsgruppa for FiF ut prosjektperioden.</p> <p>Skal vi halde fram med gruppene om kunnskapsaktør frå prosjektet med OsloMet? Flyttast til punkt 7.</p>
6	Oppfølging rapporten om status i norske	5 min	AU	<p>Videre oppfølging av rapporten. AU v/Tone har meldt inn saka til fylkeskulturdirektørkollegiet med notat ang. å orientere KS om</p>

	folkebibliotek. Bli enige om framdrift.			kunnskapsgrunnlaget. Har bedt om at saka tas opp i neste møte som er i januar 2025. Planlegg at Marius Græsby og Tone tek orienteringa i møtet.
7	Oppfølging fagnettverk	15 min	Sunniva	Sunniva har ansvar for oppdatering av fagnettverk. Gjennomgang av ressursgrupper og nettverk for 2025, inkludert omgrepsavklaring av dei ulike typane av grupper/nettverk. Premiss om at vi deler kompetanse og sikrar dialog mellom fylkeskommunane.  Vi legg lista over fagnettverk ut på nettstaden for fylkesbiblioteksjefkollegiet.
8	Status Bibliotek24 og vidare behandling	V/Trygve Kikut?		Ein grundigare gjennomgang av tema utsett til januar etter avtale med Trygve.
9	Digital kildebevissthet i biblioteket	V/ Britt		Oppfølging av kurset <i>Digital kildebevissthet i biblioteket</i> : Britt har sendt e-post til alle fylkesbiblioteka om vidaresending av informasjon om kurset. Dei to første modulane i kurset ligg no ute i kompetansebanken. Anbefaler å arrangere diskusjonsgruppe/digitale møte i samband med kursa. Skriv gjerne inn i e-posten kva opplegg de har tenkt å gjennomføre i dykkar fylke før den blir vidaresendt til folkebibliotek og skulebibliotek. Arbeidsgruppa vil lage forslag/tips til opplegg for diskusjonsgruppe/ digitale møte.  Planar om sertifiseringsordning: kunnskapsaktørkontaktene kan koplast på dette arbeidet med kopi til fylkesbiblioteksjefane.
10	Eventuelt			Brit tek ansvar for å legge ut referat og anna informasjon på nettstaden for fylkesbiblioteksjefkollegiet framover. Hugs å lage pdf av referatet før det blir sendt til henne.